



Saksmappe: 2019/423  
Sakshandsamar: ILR  
Dato: 04.05.2020

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
87/20	Planutval	11.05.2020

### Detaljregulering Hovden vassverk - 1 gongs handsaming

Planutvals behandling av sak 87/2020 i møte den 11.05.2020:

**Behandling:**

Saka vart drøfta og tilrådinga samrøystes vedteke

**Vedtak:**

I medhald av pbl § 12 – 10 vert framlegg til detaljregulering for Hovden vassverk, planID 201905, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn med endringar som er godkjent i møtet.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

I medhald av pbl § 12 – 10 vert framlegg til detaljregulering for Hovden vassverk, planID 201905, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

### SAKSUTGREIING

**Bakgrunn for saka**

For å møte krava i den nye drikkevassforskrifta, samt møte kapasitetsbehovet på Hovden, er det sett i gong arbeid med nytt vassverk, ved noverande anlegg. Planutvalet godkjente igangsetjing av planarbeidet den 11.11.19, sak 145/19. Tidlegare ferier har synt at det kan føre til kapasitetsproblem i området, særst jul-, vinter- og påskeferie, då det i desse periodane er mykje folk på Hovden.

Planen legg opp til to nye høgdebasseng på 2000 m<sup>3</sup>, der det eine skal byggjast innan 2020 og det andre er tenkt kanskje 30 år fram i tid. Dette med tanke på framtidig kapasitet og for å sikre naudsynt riktig plassering av den framtidige utvidinga. Det skal òg setjast opp nytt bygg for vassverket. Det eksisterande bygget skal på sikt rivast.

Anlegget blei bygd i 1983 og egnar seg lite til utviding og ombygging for å kunne oppnå dagens standard. Omfattande ombygging av eksisterande reinseanlegg vil vere krevjande og risikofyllt, og ikkje akseptabelt utan tilfredsstillande reservevassforsyning i anleggsperioden.

Varsel om oppstart av planarbeid blei sendt ut 27.03.20, med tilleggsopplysing sendt ut 01.04.20, der det blei opplyst om at det ikkje vil bli ny nabovarsling i byggjesaka, dersom planen blir detaljert nok til å kunne nytte heimelen i pbl § 21 – 3 femte ledd: *Det kreves ikke nabovarsel som nevnt i første ledd når tiltaket er i samsvar med reguleringsplan som er så detaljert at naboer og gjenboere kunne vurdere konsekvensene av tiltaket opp mot sine interesser ved planbehandlingen, og naboer og gjenboere ble varslet i samsvar med § 12-10 tredje ledd. Er det mer enn 5 år siden naboer og gjenboere fikk slikt varsel, gjelder ikke unntaket fra nabovarsling.*

Det har kome inn 6 merknader til varsel om oppstart. Merknader er oppsummert og svart ut i vedlagt planomtale.

### **Formelt grunnlag**

Plan og bygningsloven § 12 – 10

Planoppstart Hovden vassverk, den 11.11.19, sak 145/19

Varsel om oppstart av planarbeid, 27.03.20

Tilleggsopplysing til varsel om oppstart, 01.04.20

Kommuneplanens arealdel 2018-2030, planID 201701, vedteke 28.02.2019

Reguleringsplan Hovden aust, planID 200509

Delegasjonsreglement for Bykle kommune, vedteke 28.02.2019

### **Økonomiske vurderingar og konsekvensar**

Nytt vassverk vil utløyse stor kostnad for kommunen.

Tiltaket er forankra i gjeldande budsjett og økonomiplan.

Utarbeidinga av planen er gjort med interne ressursar, innafor avdelinga sitt driftsbudsjett.

### **Vurderingar og konsekvensar**

Planen ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for Hovden aust. Ny plan for Hovden vassverk vil erstatte delar av denne planen. Ny kommunedelplan for Hovden aust blir samkøyrte med denne prosessen.

I framlegg til ny detaljreguleringsplan for Hovden vassverk er skiløypa som går gjennom planområdet lagt om til rett nord for planområdet. Traséen er ein viktig løype. Denne blir ivareteke gjennom den nye kommunedelplanen for Hovden aust. Traséen blir liggjande i same terrenget og blir flytta nokre meter nordover, rundt vassverket. For å vere sikker på at det ikkje vil bli ein framtidig konflikt mellom drift og friluftslivet, så meiner ein dette er eit betre alternativ.

Det nye vassverket skal skli godt inn i terrenget. Høgdebassenga vil framstå som to små koller i terrenget. Nytt vassverk med tilhøyrande anlegg er soleis vurdert til å ikkje endre landskapspreget i området.




Over: Framtidig vassverk til høgre. Noverande til venstre.



Høgdebasseng nr. 1 skal byggjast ut først. Over er ein illustrasjon av korleis det vil kunne kome til å sjå ut i terrenget.

### Tilhøve til kommuneplanen

Planen er delvis i tråd med kommuneplanens arealdel. Noko av arealet, samt utviding av planområdet ligg innanfor *LNf-område*, areal for *fritidsbustader* og *skiløype*. Intensjonen for området i kommuneplanen er kommunalt vassverk.



### Konsekvensar for folkehelse

Eit vassverk som vil ha nok kapasitet heile året og som oppfyller krava i drikkevassforskrifta vil vere viktig og bra for folkehelsa.

Bykle,

Kommunedirektør

### Vedlegg:

- 1 Forprosjekt 03.12.19 (002)
- 2 plankart
- 3 plankart\_nivaa1
- 4 Planomtale
- 5 føresegner

### Melding om vedtak blir sendt til:

Parter i saka